

## Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 26.04.2017

**Kjell Håland (A)** sette på vegner av A, KrF og Sp fram slikt forslag:

«Ny formulering, punkt 1, første setning:

Hordaland fylkeskommune rår til vidare utgreiingar av saka før ein eventuell konsesjon vert gjeven.»

### **Røysting**

Håland sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt punkt 1.

Fylkesrådmannen sitt punkt 2 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Hordaland fylkeskommune rår til vidare utgreiingar av saka før ein eventuell konsesjon vert gjeven. Kunnskapsgrunnlaget som er presentert i søknaden er ikkje tilstrekkeleg til å vurdere dette på ein god nok måte i høve til behov for vatn, friluftsliv, landskap og anadrom fisk.
2. Den reduserte vassføringa kan få negativ verknad på opplevingsverdiane knytt til kulturmiljøet. Det må difor takast omsyn til kulturlandskapet slik at desse verdiane ikkje vert redusert.